

Sakspapir

| Sakshandsamar | Arkiv | ArkivsakID |
|--------------------|--------|------------|
| Berit Karin Rystad | FE-153 | 23/246 |

| Saksnr | Utval | Type | Dato |
|--------|---------------|------|------------|
| 055/23 | Formannskapet | PS | 19.09.2023 |
| 043/23 | Kommunestyret | PS | 28.09.2023 |

Den økonomiske situasjonen i Fedje kommune. Forslag til innsparingar på kort og lang sikt

Saksutgreiing:

Saksopplysningar

I kommunestremøtet den 15.6 gjorde kommunestyret føljande vedtak:

«Kommunestyret ber om korrekt tertialrapport første tertial 2023 til møtet i september. Vidare ber kommunestyret om ei eiga sak der kommunedirektøren kjem med forslag til innsparingar og nye grep for å få ned meirforbruk i drifta. Tertialrapport for andre tertial skal inkludere tertialrapport for fyrste tertial. Samrøystes vedteke.»

I denne saka kjem kommunedirektøren med forslag til korleis kommunen skal driftast på ein økonomisk berekraftig måte framover. Forslaga er knytt til tiltak på kort og på lang sikt.

Fedje kommune har dei siste år hatt ei negativ folketalsutvikling, og dette gjer at overføringane frå staten blir mindre. Samansetning av befolkninga er og viktig når det gjeld statlege overføringar. Det er dei eldste og dei yngste som gjer mest utteljing. Fedje kommune har ikkje eigedomsskatt. Fedje kommune har fleire ordningar for å få auke i folketalet. Gratis barnehage, tre månadar med gratis husleige i kommunale bustadar, fødselstilskot, kulturtilstskot, subsidierte tomter (50% blir betalt tilbake) og pendlartilstskot (som var avvikla i 2023 grunna gratis ferje).

Den generelle demografiske utviklinga i samfunnet gjer at det blir fleire eldre. Tal born går nedover. Det er eit fødselsunderskot i Noreg. Dei demografiske endringane som skjer i aldersfordelinga er viktig for kommunen å ta omsyn til når vi skal planlegge tenestetilbodet til innbyggjarane, på kort og på lang sikt. Konsekvensen av dette er prioritering av nivået på tenestene for å kunne ta i vare innbyggjarane sine rettmessige krav.

Store utgifter som ikkje er budsjettert for innan helse og omsorg er eit faktum som alle norske kommunar står over for. Utfordringa til Fedje kommune er at den negative trenden gjennom mange år, ser ut til å ha snudd. Det er difor ikkje enkelt å berre prioritere eldre framfor born og unge. Dette er derimot ei ønska utvikling som kommunen har jobba hardt for, og som er særskjegleg at fortset.

Ein annan dimensjon som er kome fram i gjennomgang av KOSTRA er at Fedje sin splitt mellom institusjon/heimeteneste innanfor PLOM er svært ulik landsgjennomsnittet. I eit langtidsperspektiv knytt opp mot «eldrebølgja» kan det vere at Fedje kommune bør ha ein tydelegare politisk retning for å å auke innsats mot heimeteneste (at eldre bur heime lengre). Det visar seg at det er mange eldre på Fedje som bur heime og som ikkje nyttar seg av heimetenester. Tidleg kartlegging av

behov og fysisk tilrettelegging for å kunne bu trygt i heimen sin eller tilbod om kommunal, tilrettelagd bustad kan vere vegen å gå. Utgreiing av helsetun og ein langtidsplan for PLOM (10 års perspektiv) kan være ein god veg å gå for å handtere «eldrebølgja» på en god måte framover.

Løysninga er slik kommunedirektøren vurderer det å få ned utgiftene i drifta ved å effektivisere, omorganisere, prioritere og jobbe smartare (ny teknologi).

Eit anna moment som kommunedirektøren ynskjer å fremje er om ordningane for å få tilflytting skal førast vidare. Til dømes er ordninga med gratis barnehage blitt ein suksess. Tal born i barnehagen har hatt ei jamn auke. Skulen har og auke i tal born. Dette skuldast til dels mottak av flyktningar og til dels tilflytting av barnefamiliar. Folketalsutviklinga er og positiv, sjølv om mange eldre fell frå. Lokalt næringsliv satsar, og dette gjer positive ringverknadar for kommunen, mellom anna gjeld det tilflytting.

Mottak av flyktningar har gitt inntekter til kommunen, men tilskotet vil gradvis gå ned over 5 år. Framover vil fleire av flyktningane være ferdig med introduksjonsprogram, og det er forventa at dei skaffar seg arbeid. Viss dei ikkje lukkast med dette vil det føre til auka utgiftet på sosialbudsjettet.

Tenestekjøp frå andre kommunar og utgifter til IKT samarbeidet og regionråd har auka meir enn det som er lagt inn i budsjettet for 2023. Det er vanskeleg å gjere noko med desse utgiftene, fordi kommunen er avhengig av bistand for å stette krav til teneste (til dømes, ergoterapi, psykolog, jordmor, kart og oppmåling, helsejukepleiar). Fokus på IKT tryggleik har hatt stor fokus og kjem til å bli prioritert høgt framover. Dei nye IKT systema er kostbare.

Vurdering

2. tertialrapport viser at Fedje kommune driv verksemda med meirforbruk, og vi styrer pr i dag mot eit underskot på ca 1 456'. Det er fleire måtar kommunen kan spare inn på, men dette kan ikkje gå ut over dei lovpålagte tenestene som vi skal levere til innbyggjarane. Nokre innsparingar krev politiske vedtak for å gjennomførast. Kommunedirektøren ynskjer så langt ho kan å unngå å redusere tal tilsette (bemann ned). Innsparingar på lang sikt vil være naturleg å ta inn i budsjettprosessen for 2024. Innsparingar på kort sikt er gjennomført eller gjennomførast i løpet av hausten.

Forslag til innsparingar og grep på kort sikt for å få ned meirforbruk i drifta:

1. Ingen bruk av vikarar i alle tenestene (bortsett frå kritisk behov som vurderast frå sak til sak)
2. Ny og redusert bemanningsnorm på sjukeheimen er innført (5 -3 -2 til 4- 3 -2 i bemanning). Dette gir mindre behov for vikar
3. Ingen nye stillingar lysast ut, og grundig vurdering om det er kritisk behov for å tilsette vikar
4. Helsejukepleiar tilsett i Fedje kommune i 100% blir utsett
5. Kvalitetssikring, betre rutinar og korrigering av grunnlagsdata, refusjonar, økonomiske støtteordningar osb. for å sikre at vi får midlar vi har krav på.
6. Bedriftshelsetenesta har sidan i vår vært inne med bistand for å få ned sjukefråvær i pleie og omsorg (PLOM). Sjukefråvær gjer mellom anna at tilsette må jobbe overtid, og det fører til auke i kostnad og slitasje som fort kan gå over i sjukemeldingar
7. Gjennomgang av økonomien ved bruk av KOSTRA og bistand frå KS konsulent for å

snu ei negativ økonomisk utvikling der utgiftene er høgare enn inntektene og samtidig sørge for å stette innbyggjarane sine retter knytt til tenester.

8. Ingen bruk av konsulenthjelp utan at det løyser ut finansiering (som til dømes OU midlar)

Forslag til innsparinger og grep på lengre sikt for å få ned meirforbruk i drifta:

1. Auke satsar på brukarbetalingar og innføre betaling i barnehagen (krev politisk vedtak)
2. Få innsikt i tenestene for å finne mogleg handlingsrom for å tenkje nytt når det gjeld tenesteproduksjon (korleis er tenesta organisert, kva er riktig nivå (kvalitet) på tenestene knytt til vårt økonomiske handlingsrom). Vidareføring av KOSTRA arbeidet (prosjekt støtta av OU midlar)
3. Det ligg store gevinstar i å få ned sjukefråvær. Sette i gang eit systematisk arbeid (prosjekt) knytt til helsefremjande arbeidsplassar
4. Leiarutvikling
5. Fedje kommune har fått tilsett økonomirådgjevar frå 1.10 og ny kommunalsjef HR/Forvalting frå 15.9. Vi vil då få ei sterkt økonomigruppe som vil ha tett oppfølging med tenestene i fht meirforbruk. Controller funksjonen vil bli lagt vekt på. Tenestene vil få støtte til å gjere nødvendige grep
6. Vi kan sjå på tal tilsette i fht kommunen si drift. I utgangspunktet har Fedje kommune slitt med underbemanning og vanskar med å rekruttere, så gevinsten er tvilsam
7. Prioritere ned tiltak som gjeld førebygging. Prioritere lovpålagde tenester. Fedje kommune har fleire gode tiltak for å halde folk friske og gi born og unge ein god og trygg oppvekst. Dette gjeld tenester innafor kultur, skule, psykisk helse
8. Prioritere ned tenester som ikkje er lovpålagde (næringsutvikling, støtte til frivillig arbeid, planarbeid som ikkje er lovpålagd)
9. Selje kommunale bustadar som er over 30 år gamle og som treng mykje vedlikehald

Folkehelse

Innsparinger kan gå ut over folkehelsa fordi førebygging ikkje blir prioritert

Miljø

Ikkje relevant

Økonomi

Viss ikkje kommunen tar grep om økonomien vil vi bruke opp fonda og til slutt hamne på ROBEK lista

Konklusjon

Det er særsviktig for Fedje kommune å ha kontroll på økonomiske utvikling i drifta. Tiltak på kort sikt er gjennomført og blir gjennomført i løpet av hausten, og tenestene blir følgt tett opp av økonomikontoret.

Vakansar i sentrale stillingar i kommunen har ført til at styringa av kommunen ikkje har vært god

nok. Skifte av rektor og sjukefråvær i pleie og omsorg har ført til eit alt for stort forbruk av dyrer vikarressursar.

Kommunen har avtale med KS konsulent om KOSTRA gjennomgang av kommunen si drift. Dette gjennomførast i haust og er støtta av OU midlar frå KS. Kommunedirektøren ynskjer å prioritere leiarutvikling framover. Dei tilsette er kommunen sin største ressurs og den største utgifta. Her ligg det store gevinstar for kommunen knytt opp mot gode leiarar, motiverte medarbeidrarar og lågare sjukefråvær.

Forslag til vedtak:

Kommunestyret tar saka til vitande

Formannskapet - 055/23

F - behandling:

Forslag til vedtak, foreslått av Kamilla Bjerkholt Karlsen, Arbeiderpartiet

Forslag frå Kamilla B Karlsen (Ap) Formannskapet viser til innhald og konklusjonar i saka og ber kommunedirektøren seinast innan 17.10.23, legge fram ei prioritert liste over dei innsparingstiltaka som kan vere mest aktuelle på kort sikt innanfor inneverande budsjettår. Lista må gje eit overslag over det sannsynlege innsparingspotensialet for kvart av tiltaka, - samt gje eit oversyn over dei praktiske konsekvensane av tiltaka.

F - vedtak:

Formannskapet viser til innhald og konklusjonar i saka og ber kommunedirektøren seinast innan 17.10.23, legge fram ei prioritert liste over dei innsparingstiltaka som kan vere mest aktuelle på kort sikt innanfor inneverande budsjettår. Lista må gje eit overslag over det sannsynlege innsparingspotensialet for kvart av tiltaka, - samt gje eit oversyn over dei praktiske konsekvensane av tiltaka.

Samrøystes vedteke.

Kommunestyret - 043/23

K - behandling:

K - vedtak:

Kommunestyret viser til innhald og konklusjonar i saka og ber kommunedirektøren seinast innan 17.10.23, legge fram ei prioritert liste over dei innsparingstiltaka som kan vere mest aktuelle på kort sikt innanfor inneverande budsjettår. Lista må gje eit overslag over det sannsynlege innsparingspotensialet for kvart av tiltaka, - samt gje eit oversyn over dei praktiske konsekvensane



av tiltaka.

Samrøystes vedteke.